



Hordaland fylkeskommune

Skrivet vert berre sendt som e-post

Vår referanse
12/194/16/5777/ASK/TR

Arkivkode
FA-Q00

Dykkar referanse

Dato:
12.07.2016

UTTALE FRÅ SAMNANGER KOMMUNE TIL NTP

Me melder med dette frå om at det er gjort følgjande vedtak av kommunestyret i Samnanger 30.06.2016:

KS-054/16 VEDTAK:

Samnanger kommune sitt innspel til NTP 2018-2029:

Samnanger kommune

Ber om at desse tiltaka vert innarbeidde og prioriterte i NTP:

- 1) Ny trasé for E16 Bergen-Voss må byggjast så tidleg som mogleg i planperioden.
- 2) FV 7, er omkjøringsveg for E16 og NTP bør seie noko om korleis desse vegane bør knytast saman. Opprustning av og nødvendige trafikksikringstiltak på FV7 må komma med i planen.
- 3) Utbygging av lyntog mellom Bergen-Stavanger og Oslo må no prioriterast og innarbeidast i NTP. Dette er ei miljøvennleg og framtidsretta løysing for å frakta folk og gods.
- 4) Hordalandsdiagonalen som ein del av E134 må konsekvensutgreiast for å setja fortgang i utbygginga og få til ein framtidsretta stamveg mellom Bergen og Oslo.

Med helsing

Tone Ramsli
rådmann